

Sakshandsamar
Terje Bjelle, tlf 57 67 61 30

Fråsegn frå HSF, vedtatt i styremøte 16. sept. om:

Framlegg til endringar i forskrift om opptakskrav til grunnutdanningar ved universitet og høgskular § 8 Spesielle opptakskrav

Denne fråsegna går berre inn på spørsmålet om opptaks krav til allmennlærerutdanninga, punkt 1 i høyringsbrevet.

Det er lang politisk tradisjon for å styre allmennlærerutdanninga strammare enn andre utdanningar, til dels heilt ned på detaljnivå. Norsk utdanningspolitikk har endra seg mykje dei siste tiåra, og institusjonane som driv høgre utdanning har fått meir fridom og større ansvar for å sikre kvalitet på studietilboda. Allmennlærerutdanninga er framleis i høg grad politisk detaljstyrt. Spørsmålet om opptakskrav passar inn i dette biletet. Det er eit særleg paradoks at denne saka no vert fremja i ei stortingsmelding som elles flaggar respekt for lokale initiativ, kreativitet og mangfald.

Den sentrale detaljstyringa av allmennlærerutdanninga kombinert med hyppige endringar i dei nasjonale retningslinjene, gjer det svært krevande å sikra god kvalitet i utdanninga. Stort sett er eit kull av studentar ikkje ferdige med utdanninga si før dei nasjonale rammevilkår er endra på nytt igjen. I tillegg bryt ofte dei sentrale føringane med dei allmenne reglane som gjeld for andre studium i sektoren. Vi vil derfor rå til at allmennlærerutdanninga i mykje større grad vert styrt etter dei same retningslinjer som andre yrkesutdanningar. Det er svært vanskeleg å sjå at den nasjonale detaljstyringa har bidratt til kvalitet i utdanninga.

Det er viktig å kvalitetssikre lærarutdanninga

Å sikre kvalitet i lærarutdanninga har vore ein raud tråd gjennom offentlege utgreiingar, innstillingar, rammeplanar og politiske erklæringar i alle fall dei ti siste åra. Synet på kva som er mest avgjerande for kvaliteten, har endra seg lite over tid, og viktige element er t.d. felles både for NOU 1996: 22

Lærerutdanning. Mellom krav og ideal og Stortingsmelding nr. 30 (2003-2004) *Kultur for læring*.

Utgreiinga frå 1996 nemner under generelle tiltak mellom anna *heilskap og samanheng, særstillinga til faget pedagogisk teori og praksis, praksisopplæring, organisering og arbeidsformer og fou*. Utvalet

vurderer kva uheldige utslag det kan ha å binde allmennlærerutdanninga for sterkt til obligatoriske fag - med tanke på å rekruttere dei beste studentane (side 136). I Stortingsmelding nr. 30 (2003-2004) er lærarutdanninga vurdert som ein (viktig) del av det samla opplæringssystemet og primært med tanke på å sikre kvalitet i grunnopplæringa. Meldinga refererer likevel til Norgesnetttrådet si evaluering av lærarutdanningane og kva funn som påverka dei nye rammeplanane (side 94):

- et noe uklart eller uavklart forhold mellom fag, fagdidaktikk, pedagogikk og praksis

- at profesjonsrettingen i studiet ikke ivaretas godt nok

- at det ikke er tilstrekkelig sammenheng mellom teori og praksis

- omfang, relevans og strategisk innretning på forsknings- og utviklingsarbeidet

- omfang, relevans og strategisk innretning på forsknings- og utviklingsarbeidet

Vår dato
21.09.2004Vår referanse
04/7774246/04

Høgskulen i Sogn og Fjordane meiner at departementet med Stortingsmelding nr. 30 har påvist mange og sentrale utfordringar for all lærarutdanning med tanke på å sikre at skulen får kvalifiserte lærarar. Vi ser på dette som ei stor utfordring internt og meiner også at vi er komne godt i gang med å setje intensjonane i dei nye rammeplanane ut i livet. Som ein del av arbeidet med ny organisasjon har Høgskulen i Sogn og Fjordane styrka studieleiarsfunksjonen og oppretta eigne studienemnder for alle dei tre lærarutdanningane vi tilbyr. I studienemndene er det ekstern representasjon. Vi ser alt positive verknader av å knyte sterkare band til yrkesfeltet gjennom avtalar om praksisskular og partnerskapsskular. Det blir stilt strengare krav til studieprogresjon i alle tre lærarutdanningane. Vi meiner å ha gode rutinar for å følgje opp studentar som skil seg ut på ein negativ måte og der det kan stillast spørsmål ved om dei er skikka til å bli lærarar. Profesjonskunnskap var tiltenkt ei sentral rolle for å yrkesrette allmennlærerutdanninga, men diverre vart dette emnet teke ut av den endelege rammeplanen.

I meldinga blir det lagt stor vekt på eit samla perspektiv på kompetanseutvikling i skulen. Både rettleiing av nyutdanna lærarar og eit bevisst grep om etter- og vidareutdanning direkte knytt til neste skulereform er gode utspel frå departementet og må avgjort reknast som kvalitetstiltak. Vi har også merka oss at fleire institusjonar er opptekne av at det blir rom for lokale initiativ og lokalt engasjement i arbeidet med kompetanseutvikling. Dette er truleg ein avgjerande føresetnad for at lærarutdanningsinstitusjonane også skal kunne fungere som lokale utviklingsaktørar.

Høgskulen i Sogn og Fjordane har merka seg at departementet vil bidra til ei sterkare og meir målretta satsing på praksisretta fag-arbeid og at institusjonane som tilbyr lærarutdanning, skal samarbeide med skuleeigar for å avdekkje forskingsbehov. Vi synest at dette er positive signal. Vi vil rå til at departementet brukar ressursar på å studere og evaluere korleis ulike kvalitetstiltak verkar. Dette vil vere eit viktig tiltak for å betre kunnskapsgrunnlaget for nye endringar i lærarutdanningane.

Lærarutdanning er meir enn allmennlærerutdanning

Det er mange i det norske utdanningssystemet som no har kompetanse til å arbeide i grunnskulen. Faglærarutdanning gir kompetanse til å arbeide med barn heilt ned i 5. klasse, og førskulelærarutdanning gir kompetanse til å arbeide med barn i 1. klasse.

Nivåkrav ut over generell studiekompetanse vert ikkje føreslått for andre utdanningar enn allmennlærerutdanninga. Etter høyringsforslaget vil det altså vere mogleg å gjennomføre ei femårig masterutdanning med PPU (integrert masterutdanning), fireårig faglærarutdanning eller treårig førskulelærarutdanning, utan særskilde krav ut over generell studiekompetanse, og likevel arbeide i grunnskulen.

Opptakskrav ut over generell studiekompetanse til allmennlærerutdanninga vil difor ikkje sikre at alle som utdannar seg for arbeid i skulen, oppfyller dei tilleggskrav som vert lagt til grunn for opptak til allmennlærerutdanninga.

På side 2 i høyringsbrevet vert det skissert kva effekt særskilde opptakskrav til allmennlærerutdanninga vil kunne ha, og ein kan ikkje sjå bort frå at slike krav *kan ha* ein positiv verknad. Men det kan ikkje seiast å vere nokon automatikk i ei slik utvikling. Det er nok kanskje slik at denne type krav aukar statusen til allmennlærerutdanninga, men vil dei andre utdanningsvegane av dette få svekka truverd, og kven ønskjer i så fall det? Dei ulike lærarutdanningane konkurrerer om dei same studentane, og det er liten grunn til å tru at allmennlærerutdanninga med eitt vil rekruttere studentar frå potensielt heilt andre utdanningsretningar.

Realkompetanse

Gjennom fleire år har vaksen ungdom, utan formell studiekompetanse, hatt tilgang til høgre utdanning gjennom realkompetansevurdering. Ei slik individuell, personleg vurdering har gitt mange høve til å dokumentere eit startgrunnlag for å byrje på eit studium, og vurderinga har gjort det mogeleg å nå studiekompetanse gjennom dette studiet og sluttvurderinga av det.

I St.meld. nr. 30 (side 96) vert det vist til at departementet har vurdert opptaksprøver eller spesielle opptakskrav til allmennlærerutdanninga. Realkompetansesøkjaren har andre erfaringar og annan bakgrunn enn studenten som kjem frå vidaregåande skule, og det er viktig at eventuelle nye opptaksreglar tek omsyn til denne studenten. Regelverket til no har gitt rom for individuell vurdering. Det bør framleis vere slik. I våre lærarutdanningar har realkompetansestudentar gjennomført ulike studium og nådd til dels godt karakternivå. Svært få av desse studentane har slutta under vegs i studiet. Det er difor ønskjeleg å få fram forskings- og evalueringresultat som viser korleis det samla sett går med denne studentgruppa i høgre utdanning.

Karakterar og studiepoeng

I høyringsbrevet vert det lagt vekt på at allmennlærerutdanninga skal vere krevjande og at læraryrket føreset kunnskap, motivasjon og arbeidsinnsats. Opptakskrav vil rekruttere betre søkjarar, og ein føreset at dette vil ha noko å seie for kvalifikasjonane til dei ferdig utdanna lærarane. Departementet ser i denne argumentasjonen vekk frå at yrkessosialisering i utdanninga kan ha noko å seie. Det er ikkje gitt at lærarane sine kvalifikasjonar heng eintydig saman med karakternivå frå vidaregåande skule. I staden for opptakskrav bør ein leggje vekt på sterkare kvalitetssikring i lærarutdanninga, tett oppfølging av den enkelte student, særleg i praksisopplæringa, og faglege krav.

Forsking viser at det ikkje er nokon eintydig samanheng mellom karakternivå frå vidaregåande skule eller motivasjon for høgre utdanning og akademisk suksess. Arbeidsvanar og studievane har oftast meir å seie for gode resultat, både i vidaregåande opplæring og i høgre utdanning (Raaheim, Arild og Kjell Raaheim (1996): Universitetspedagogisk forsknings- og utviklingsarbeid. I Dysthe, Olga (1996): *Ulike perspektiv på læring og læringsforskning*. Cappelen Akademisk forlag).

Forskingsresultat som dette er fylgde opp i Kvalitetsreforma i høgre utdanning (t.d. tettare oppfølging av kvar student, meir undervegsvurdering, tydlegare formidling av krav og forventingar til studentane). I staden for å innføre opptakskrav bør allmennlærerutdanninga få høve til å arbeide vidare med å realisere intensjonane i Kvalitetsreforma og kvalitetssikre utdanninga i høve til målsetjingane i Rammeplan for allmennlærerutdanninga.

Tilgang til høgre utdanning for alle har vore eit viktig prinsipp i norsk utdanningspolitikk. Særskilde opptakskrav for allmennlærerutdanninga vil bryte med denne politikken og difor vere uheldig. Karakterstatistikk frå grunnskulen og vidaregåande opplæring viser at jenter har høgre snittkarakterar enn gutar. Vidare viser tala at karakternivå har samanheng med foreldra si utdanning. Resultatet kan difor bli ei skeiv rekruttering til allmennlærerutdanninga, både sosialt og i høve til kjønn (www.utdanningsdirektoratet.no).

Regionale utslag

Ved sida av å få fram eit oversyn over korleis ulike opptakskrav vil slå ut for opptaket ved dei einskilde høgskulane, er det ikkje gjennomført ein utfyllande konsekvensanalyse av kva for regionale verknader dette vil få. Vi meiner at konsekvensane av at høgskular i distrikta står i fare for å mista ein svært stor del av søkjarane til allmennlærerutdanninga, burde ha vore meir undersøkte før ein eventuelt set i verk dei føreslegne opptakskrava.

Vi vil i denne samanheng peike på at høgskulane i distrikta er vesentlege leverandørar av lærarar til skular i området. Kva for konsekvensar nedtrapping av dei distriktsbaserte allmennlærerutdanningane vil få for

Vår dato
21.09.2004

Vår referanse
04/7774246/04

rekrutteringa av lærarar til skular i distrikts-Norge, er ikkje vurdert i samanheng med departementet sitt forslag. Vi vil også peike på at ei nedbygging av lærarutdanningane i distrikta vil svekke rolla til dei distriktsbaserte høgskulane som utviklingsaktørar og kompetanseleverandørar innan etter- og vidareutdanning lokalt.

Vi gjer også departementet merksam på at allmennlærarstudentar og allmennlærarutdanningane er ein viktig rekrutteringsbase til eit vidt spekter av studium utanom sjølve allmennlærarutdanninga. Allmennlærarutdanninga er ein heilt vesentleg del av verksemda til mange høgskular i distrikta, og ein kraftig reduksjon i rekrutteringa til denne utdanninga vil også svekke dei distriktsbaserte høgskulane på annan måte.

Dersom departementet innfører opptakskrav med verknader som her er påpeikt, bør det i alle fall vurderast ei dimensjonering av studieplassane i distrikta og i byane som kan sikre at allmennlærarutdanninga også kan halde fram i distrikta.

Forskning for å dokumentere kvalitetsutviklingsarbeid i allmennlærarutdanninga

Departementet har gjort ei stor og prisverdig prioritering knytt til initiering og gjennomføring av kvalitetsreforma. Denne har medført utviklingsprosessar i brei skala, til dømes i form av utdanningsplanarbeid, student- og lærarevaluering, auka nærleik til praksis og rettleiing av nyutdanna lærarar. Dette arbeidet er så vidt begynt, og reforma må få høve til å verke og bli evaluert, før det blir sett inn andre tiltak. Til dette trengst det tid og rom for forskingsarbeid. I tillegg til Kvalitetsreforma kan innføringa av ny rammeplan for allmennlærarutdanninga i 2003 stå som døme på at det er naudsynt med meir tid til å la dei innførte kvalitetstiltaka få arbeide før nye tiltak vert sett i funksjon. Ved Høgskulen i Sogn og Fjordane har vi til dømes enno ikkje gjennomført GLSM-faget. Det er naturleg lagt til fjerde semester i utdanninga og startar opp første gong i januar 2005. Ingen studentkull har til no gjennomført allmennlærarutdanning etter rammeplanen frå 2003, og det er på dette tidspunkt ikkje mogleg å konkludere breitt om verknader av dei endringane som nyleg er gjorde. Dokumentasjon av eventuelle verknader kan naturleg initiere andre kvalitetstiltak enn det departementet no har foreslått.

Høgskulen i Sogn og Fjordane gir støtte til alle tiltak som aukar kunnskapen om tilstanden i norsk skule generelt, og i allmennlærarutdanninga spesielt. Forskingsresultat som kan fortelje oss kva kvalitet allmennlærarutdanninga har, og kva som kan gjere utdanninga betre med tanke på utøving av lærarprofesjonen, er viktigare enn å innføre eit karakterkrav som kan ekskludere potensielt framifrå lærarar.

Vurdering

Det er etter kvart vorte eit viktig prinsipp at høgre utdanning skal vere open for alle som har ein nærare definert grunnkompetanse. For tida er det tale om enten generell studiekompetanse eller realkompetanse. Dersom departementet meiner at inn gangskompetansen til høgre utdanning er for dårleg, bør merksemda rettast mot kvaliteten og valfridomen i vidaregåande opplæring. Svake kunnskapar og lita fordjuping i realfag må vere eit problem også i andre delar av høgre utdanning enn allmennlærarutdanninga.

Vi har prøvd å få fram at Høgskulen i Sogn og Fjordane ser positivt på arbeidet med å kvalitetssikre norsk lærarutdanning. I tillegg til dei konkrete kvalitetstiltaka som er nemnde så langt, pålegg rammeplanane alle lærarutdanningsinstitusjonane å skjerpe krava til fagplanar, organiserings- og arbeidsmåtar og ikkje minst vurderingsordningar. Dersom dette arbeidet blir teke på alvor, vil det ikkje vere behov for siling av søkjarar til norsk lærarutdanning. Dei som har for dårleg grunnlag, eller som ikkje tek krava i utdanninga på alvor, vil ikkje greie å fullføre studiet.